



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2369

Vår dato
29.04.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/15763 357
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Deltaking i Øving Hordaland 2015 og oppnemning av øvingskontakt

Vi viser til brev av 2. mars 2015 om Øving Hordaland. Annakvart år gjennomfører Fylkesmannen Øving Hordaland for kommunane i Hordaland mfl. Hausten 2015 tar Øving Hordaland utgangspunkt i eit atomscenario. Som tidlegare varsla blir øvingsdatoen 27. oktober, med 5. november som reservedato.

Av omsyn til den vidare planlegginga ber Fylkesmannen om tilbakemelding på desse to punkta:

- om kommunen deltar i den felles øvinga eller ikkje;
- namn og kontaktinformasjon til ein øvingskontakt i kommunen.

Svar til fmhpostmottak@fylkesmannen.no innan 1. juni.

Øvingskontaktar i kommunane er viktige bindeledd og samarbeidspartar for Fylkesmannen før, under og etter øvinga. Vi legg opp til ei samling for øvingskontaktane tidleg i oktober med nærare gjennomgang av scenario og oppgåver. Øvinga blir evaluert på fagsamlinga for beredskapskontaktar i kommunane, etter planen 10.-11. november i år.

Generelt om rolle og oppgåver for øvingskontaktar:

- **Før øvinga:** gjere kjent øvingsmål og scenario for kommunal kriseleiing (KKL); vere pådrivar og motivere til øving i kommunen.
- **Under øvinga:** sende øvingsvarsel i eigen kommune; vere observatør og rettleiar i KKL.
- **Etter øvinga:** bidra til at kommunen evaluerer øvinga og gir tilbakemelding til Fylkesmannen.

Vi minner òg om atomberedskapsseminar for kommunane 2. juni, og oppmodar kommunane til å delta her. Klikk deg inn på følgande lenke for påmelding:

www.fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Forebuing-Oving-Hordaland-2015

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.